



...  
Ljones Fisk A/S  
v/Torleiv Ljones  
Ljones  
5620 TØRVIKBYGD  
...

## OPPFØLGING AV INSPEKSJON VED LJONES FISK A/S (H/KM 012), KVAM HERAD


Vi syner til vår inspeksjon ved verksemda sitt setjefiskanlegg i Ljonesvågen 10.10.02, samt utkast til kontrollrapport til gjennomsyn og eventuelle merknader.

Vi ber om at eventuelle merknader vert sendt skriftleg til fylkesmannen **innan 01.11.02**.  
Endeleg inspeksjonsrapport vert så utarbeida og sendt verksemda.

Rapporten omhandlar avvik og merknader som vart observert under kontrollen, samt varsel om revisjon av utsleppsløyvet. Samstundes vil vi gjere merksam på at det vil komme pålegg om å utbetre rutinar for handtering av avfall og rømmingssikring med frist til 01.12.02.


Når det gjeld overløpet over avløpsleidingen, vil vi ta dette opp i samband med verksemda sin søknad om utviding. Vi ber difor verksemda om å gjere greie for framdriftsplan for søknaden om utviding **innan 01.11.02**.

Med omsyn til nedtappinga av vassdraget, vil vi gjere NVE merksame på merknaden i rapporten.

  
Håkon Kyvi e.f.  
seksjonsleiar

*Monica Ekli*  
Monica Ekli  
1.konsulent

Vedlegg: Utkast til inspeksjonsrapport

	<p><b>INSPEKSJON VED LJONES FISK A/S (H/KM 012) LJONESVÅGEN, KVAM HERAD</b></p>	<p><b>KONTROLL NR.</b>  2002.0004</p>
---	---	---

Verksemda si adresse: Ljones, 5620 TØRVIKBYGD Arkivkode:  
 Utsleppsløyve av: 27.01.1986 Sist kontrollert: 07.05.1993  
 Kontrollklasse: Tidsrom for kontrollen: 10.10.2002  
 Til stades frå verksemda: Torleif Ljones Inspektør: Monica Ekli  
 Lars Gammersvik Andre til stades: Kjell Kvingedal

### Innhald i rapporten :

Denne rapporten skildrar dei avvik og observasjonar som vart avdekt innan følgjande kontrollerte område.

Kontrollen gjaldt:

- avløpsarrangement
- handtering av avfall
- sikring av fisken sin frie gang opp vassdraget

### Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen vart det påvist følgjande avvik på utsleppsløyve/forskrifter/forureiningslova:

- verksemda hadde overlaup over avløpsleidningen, der noko av avløpsvatnet går rett ut i sjøen ved land
- verksemda har ikkje godkjende rutiner for handtering av daut fisk

Fylkesmannen observerte i tillegg følgjande tilhøve:

- anlegget manglar rømmingssikring
- vasskjelda er, i følgje verksemda, tappa ned 20 cm under lovleg minstevastand

Utarbeida dato : 22.10.2002

Godkjent dato:

Sign.: *Monica Ekli*

Sign.: *[Signature]*

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein kontroll ved Ljones Fisk A/S sitt setjefiskanlegg i Ljonesvågen 10.10.2002.

Kontrollen inngår som ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav med omsyn til å verne om det ytre miljø. Kontrollen fokuserer på at verksemda skal halde seg innafor gjeldande krav og rapporten skildrar eventuelle avvik og observasjonar som vart avdekt under kontrollen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig vurdering av bedrifta sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på et avvik og ein observasjon er:

- **AVVIK** vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter, eller på verksemda sine eigne prosedyrar og instruksar som har relevans for å ivareta det ytre miljø.
- **OBSERVASJON** er et tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Når eit utsleppsløyve er 10 år eller meir, kan fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, 2.ledd, endre eller trekkje attende løyvet. Løyvet for H/km 012 er frå 27.01.1986, og er såleis meir enn 10 år. Ved kontrollen kom det fram at verksemda planlegg å søkje om utviding av anlegget i næraste framtid. Fylkesmannen vil difor gjere merksam på at om verksemda ikkje søker om utviding av anlegget, vil fylkesmannen likevel revidere løyvet, med bakgrunn i at løyvet er over 10 år. Verksemda har no fått varsel om at løyvet vil verte revidert uavhengig av om verksemda søker om utviding eller ikkje, og fylkesmannen meiner difor at varslingsplikta, jf. forvaltningslova § 16 er halde. Intensjonen med ein slik revisjon er i dette tilfellet å oppdatere vilkåra i tråd med dagens krav. Verksemda vart også gjort merksam på at det i samband med revidering av løyvet vert vurdert å setje krav om ei gransking av resipienten.

## 2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for kontrollen var :

- Utsleppsløyve datert 27.01.1986
- Brev frå fylkesmannen, datert 21.07.1994, vedkomande dispensasjon for nedgraving av daut fisk frå setjefiskanlegg.

## 3. Omfang

Følgjande område vart dekkja under inspeksjonen:

Kontrollen gjaldt avløpsarrangement, handtering av avfall og sikring av fisken sin frie gang opp vassdraget.

## 4. Avvik

Følgjande avvik vart avdekt under inspeksjonen:

### Avvik 1:

Verksemda hadde overlaup over avløpsleidningen, slik at ein del av avløpsvatnet går rett ut i sjøen ved land.

### Avvik frå:

Utsleppsløyvet, datert 27.01.1986, der det går fram at avløpsvatnet frå setjefiskanlegget skal først til god, straumførande sjø på minst 10 m djupne og minst 250 m frå land.

### Kommentarer:

Verksemda må rette på dette tilhøvet, slik at det ikkje er overlaup over avløpsleidningen.

### Avvik 2:

Daud fisk vert dumpa i gjødselkummen på garden. Det er ikkje søkt fylkesmannen eller fylkesveterinæren for ei slik handtering av daud fisk. I tillegg manglar det skriftlege rutiner for handtering av store mengder daud fisk og sjukdomsinfisert daud fisk

### Avvik frå:

Dispensasjon frå fylkesmannen for nedgraving av daud fisk frå setjefiskanlegg, jf. brev datert 21.07.1994.

### Kommentarer:

Verksemda må få skriftlege og godkjende rutiner for handtering av daud fisk, med beredskapsplan ved store mengder daud fisk/sjuk fisk.

## 5. Merknader

Følgjande tilhøve vart avdekt under inspeksjonen:

### Merknad 1:

Anlegget manglar rømmingssikring

### Kommentarer:

Verksemda bør sikre anlegget mot rømming.

### Merknad 2:

I følgje verksemda, er vasskjelda tappa ned 20 cm under lovleg minstevassstand. Dette skuldast, i følgje verksemda, at det har vore svært lite nedbør dei siste månadene.

## 8. Hovudkarakterisering av inspeksjonen

### HOVUDKARAKTERISERING AV INSPEKSJONEN

Kategori 0:  
Ingen påviste  
avvik

Kategori 1:  
Avvik

Kategori 2:  
Omfattande  
avvik

Kategori 3:  
Vert vurdert meldt til  
politiet

KARAKTERISERING AV AVVIKA	Kat. 1	Kat. 2	Kat. 3		Kat. 1	Kat. 2	Kat.3
1. Overskriding av produksjonsrammer				5. Mangelfull eigenkontroll/internkontroll			
2. Akutt forureining, manglande beredskap				6. Overutslepp (luft, vatn, støy)	X		
3. Manglande teknisk utstyr				7. Utilfredsstillande handtering av avfall/kjemikalier.	X		
4. Mangelfullt vedlikehald, kalibrering o.l.				8. Anna			